



# Vang kommune

Morten Von Hanno Aasland  
Langlia 18  
0854 Oslo

**Dykkar ref.:**

**Vår ref.:**

AAEEMI-2022004638 -4

**Arkiv:**

GBNR-6/156, GBNR-  
6/156

**Vår dato:**

28.08.2026

| Saksnr. | Utval                    |
|---------|--------------------------|
| 162/26  | Hovudutval for utvikling |

## Dispensasjonsvedtak - Tilbygg

Tiltak: Tilbygg  
Byggjestad: Gbnr: 6/156 Torshamarvegen 107  
Tiltakshavar: Morten Von Hanno Aasland  
Ansvarleg søkjar: Ålhytta As

### Vedtak:

Vang kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan Eidsbugarden, der eigedomen gnr. 6 bnr. 156 er regulert til friluftsområde, til oppføring av tilbygg på 24 m<sup>2</sup> til eksisterande fritidsbustad på gnr. 6 bnr. 156.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med føresetnadene som ligg til grunn i skredfarevurderinga datert 24.06.2026.

### Saksopplysningar

Det er søkt om dispensasjon for oppføring av eit tilbygg på 24 m<sup>2</sup> til eksisterande fritidsbustad på gnr. 6 bnr. 156 ved Eidsbugarden. Eksisterande fritidsbustad har eit bebygd areal på 48 m<sup>2</sup>, og eit samla bebygd areal etter utvidinga vil vere 72 m<sup>2</sup>. Tiltaket held seg innanfor reguleringsplanen sine føresegner om maksimal storleik på fritidsbustader.

Eigedomen ligg innanfor område som i reguleringsplanen er sett av til friluftsområde, og tiltaket krev difor dispensasjon frå arealføremålet. Bakgrunnen for gjeldande regulering er omsyn til skredfare etter snøskredhendinga ved Eidsbugarden i 1983.

Det ligg føre ei skredfarevurdering utarbeidd av Skrið Aktsomhet AS. Rapporten konkluderer med at tiltaksområdet oppfyller krava til sikker byggjegrunn etter plan- og bygningslova og TEK17, og at snøskred ikkje utgjør fare for kartleggingsområdet innanfor aktuell sikkerheitsklasse.

Det har kome nabomerknad frå eigar på gnr. 6 bnr. 65. Merknaden peiker særleg på omsynet til presedens og stiller spørsmål ved om dispensasjon kan undergave den etablerte forvaltninga av skredutsette område.

Lovgrunnlaget: Søknaden er vurdert etter plan- og bygningslova § 19-2 om dispensasjon. Ved vurderinga av om dispensasjon kan gjevast, har kommunen lagt til grunn vilkåra i bestemmelsen. Spørsmålet om tilstrekkeleg tryggleik mot skred er vurdert etter plan- og bygningslova § 28-1 og byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-3 om sikkerheit mot skred i bratt terreng.

Informasjon om saka: Kommunen legg til grunn at dispensasjonssøknaden gjeld eit mindre tilbygg til eksisterande fritidsbustad og ikkje etablering av ny bygning eller nytt byggeområde. Kommunen legg vidare avgjerande vekt på den innsendte skredfarevurderinga som dokumenterer at tiltaket har tilfredsstillande tryggleik mot skred.

### **Grunngjeving**

Etter pbl § 19-2 (2) skal ein ikkje gje dispensasjon «dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.» Vilåra er kumulative. Dette inneber at kommunen berre har høve til å gje dispensasjon om begge vilåra i regelen er oppfylt.

#### Vurdering av vilåret i § 19-2 (2) fyrste setning:

Omsynet bak reguleringa til friluftsområde er mellom anna å hindre vidare utbygging i eit område som vart vurderte som skredutsette etter skredhendinga i 1983. Kommunen vurderer at dette omsynet ikkje vert vesentleg tilsidesett ved den omsøkte utvidinga.

Det er lagt fram ein fagleg skredfarevurdering som konkluderer med at eigedomen oppfyller krava til sikker byggegrunn, og at kartleggingsområdet ligg utanfor utløpsområde for skred med aktuell sannsynlegheit. Rapporten byggjer på synfaring, terrenganalyser, historiske data og modellering av snøskred.

Tiltaket gjeld vidare eit mindre tilbygg til ei eksisterande fritidsbustad. Det inneber ikkje etablering av ny fritidsbustad eller utviding av hyttefeltet. Kommunen kan heller ikkje sjå at tiltaket i seg sjølv vil vesentleg påverke friluftsinteresser eller andre allmenne omsyn.

Kommunen vurderer på denne bakgrunn at omsyna bak reguleringsplanen ikkje vert vesentleg tilsidesette.

#### Vurdering av vilåret i § 19-2 (2) andre setning:

Etter plan- og bygningslova § 19-2 (2) andre setning må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Det er berre relevante areal- og planfaglege omsyn som kan tilleggast vekt i vurderinga.

Kommunen vurderer at dispensasjonen vil leggje til rette for meir føremålstenleg utnytting av ein allereie utbygd eigedom. Tiltaket gjeld eit avgrensa tilbygg til eksisterande fritidsbustad og held seg innanfor reguleringsplanen sine føresegner om maksimal storleik på fritidsbustader. Tiltaket medfører ikkje etablering av ny fritidsbustad eller byggeområde.

Vidare legg kommunen vekt på at det ligg føre ei fagkyndig skredfarevurdering som konkluderer med at det omsøkte tiltaket har tilfredsstillande tryggleik mot skred og oppfyller krava til sikker byggegrunn etter plan- og bygningsregelverket. Tiltaket vil difor ikkje medføre auka risiko for liv, helse eller materielle verdiar.

Når det gjeld ulempene ved dispensasjon, har kommunen vurdert innspela i nabomerknaden om mogleg presedensverknad. Kommunen legg til grunn at kvar dispensasjon må vurderast konkret og individuelt ut i frå dei faktiske forholda og dokumentasjon i den einskilde saka. Ei eventuell framtidig dispensasjonssøknad på andre eigedomar må difor vurderast sjølvstendig og vil ikkje vere avgjort gjennom dette vedtaket.

Vang kommune meiner etter ei samla vurdering at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene, og at vilkåra etter plan- og bygningslova § 19-2 (2) andre setning er oppfylt.

### **Samla vurdering**

Med bakgrunn i grunngjevinga over har Vang kommune kome fram til at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte. Omsyna bak reguleringsplanen vert ikkje vesentleg tilsidesette, og fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Dispensasjon kan difor innvilgast.

### **Gebyr**

Du må betale eit gebyr på kr. 8 400 for handsaming av søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2, jf. Vang kommune sitt gebyrregulativ.

Med helsing

Emilie Aaen

Saksbehandlar bygg og tilsyn

Dir. tlf.: 418 76 349

E-post: emilie.aaen@vang.kommune.no

**Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.**